



## Innhald

1. Innleiing .....	3
1.1 Reglementets innhald .....	3
1.2 Reglementets føremål .....	3
1.3 Reglementets omfang .....	3
1.4 EKOM-tenester .....	3
2. Heimel og gyldigheit .....	3
2.1 Heimel .....	3
2.2 Gyldighet .....	4
2.3 Endring .....	4
3. Grunnlaga for dekning av EKOM-tenester .....	4
3.1 Generelle reglar .....	4
3.1.1 Naturalyting .....	4
3.2 Breiband .....	4
3.3 Fellesfakturerte varer og tenester, samt tilleggstenester vert trekt frå løn .....	5
4. Bruk av kommunalt EKOM-tenesteutstyr .....	5
4.1 Dagleg bruk av EKOM-tenesteutstyr .....	5
4.2 Øydelagt eller feil på EKOM-tenesteutstyr .....	5
4.3 Ved tap av EKOM-tenesteutstyr .....	5
4.4 Misbruk av EKOM-tenesteutstyr og/eller abonnement .....	5
4.5 Oversikt over brukar av EKOM-tenesteutstyr .....	5
5. Tildeling, opphøyr og attendelevering av EKOM-tenester/ utstyr .....	5
5.1 Avgjerdsmynde .....	5
5.2 Bestilling og ut-/innlevering av EKOM-tenesteutstyr .....	6
5.3 Endring i tilsetjingsforhold .....	6
5.4 Permisjon/sjukemelding .....	6
5.5 Avslutning av arbeidsforhold .....	6
6. Alternativa for mobilbruk .....	6
6.1 Tenestetelefon .....	6
6.2 Kombinasjon av jobb- og privattelefon .....	7
6.3 Dekking for bruk av eigen telefon i tenesta .....	7
7. Skattemessige reglar vedrørande EKOM-tenester .....	7
7.1 Reglar for skattlegging .....	7
7.2 Naturalytingar .....	8

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



## Reglement for telefoni og elektronisk kommunikasjon for Seljord kommune

7.3 Utgiftsgodtgjering .....	8
7.4 Kombinasjon av naturalyting og utgiftsgodtgjering.....	8
7.5 Fellesfaktura varer og tenester og tilleggstenester (innholdstenestar) .....	8

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



## 1. Innleiing

### 1.1 Reglementets innhald

Dette reglementet inneheld retningsliner for bruk av arbeidsgjevarfinansierte elektroniske kommunikasjonstenester (EKOM-tenester) for arbeidstakar/folkevalde i Seljord kommune.

### 1.2 Reglementets føremål

Reglementet har til føremål å sikre at den einskilde eining har ein mest mogleg lik handsaming, med rom for individuelle tilpassingar, og at økonomisk dekning og rapportering er i samsvar med gjeldande skattereglar.

### 1.3 Reglementets omfang

Reglementet skal gjelde for arbeidstakar som er utstyrt med ein eller fleire EKOM-teneste(r) for å hjelpe til å utføre arbeidsoppgåver i og utanfor ordinær arbeidstid.

Reglementet omfattar også alternativ for mobilbruk som til dømes arbeidstelefon jfr. kapittel 6.

### 1.4 EKOM-tenester

Elektronisk kommunikasjon er definert i lov 04.07.2003 nr. 83 om elektronisk kommunikasjon (Ekomloven) § 1-5. For skattemessige reglar kring EKOM-tenester, sjå kapittel 7.

Elektroniske kommunikasjonstenester omfattar i dette reglement følgjande utstyr:

- Mobiltelefon
- Nettbrett / berbar datamaskin

## 2. Heimel og gyldigheit

### 2.1 Heimel

Skatteloven § 5-12 (5). For meir informasjon sjå:

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-03-26-14/KAPITTEL\\_6#KAPITTEL\\_6](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-03-26-14/KAPITTEL_6#KAPITTEL_6)

Personvernforordningen artikkel 6 pkt. C, sjå:

<https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/PDF/?uri=OJ:L:2016:119:FULL>

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



## 2.2 Gyldighet

Reglementet trer i kraft frå og med 01.07.2020, og erstattar eventuelle tidlegare avtaler og/eller reglement for EKOM-tenester.

## 2.3 Endring

Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i reglementet på bakgrunn av endringar i lovar, forskrifter, skattereglar, prisreguleringar og andre endringar som ikkje er av prinsipiell betyding.

## 3. Grunnlaga for dekning av EKOM-tenester

### 3.1 Generelle reglar

Arbeidstakar kan få EKOM-teneste(r) som vert dekt av arbeidsgjevar med tilgang til privat bruk der dette er tenleg av omsyn til arbeidet i kommunen, og for å kunne vera tilgjengeleg for arbeidsgjevar utanfor ordinær arbeidstid.

Arbeidsgjevar vurderer kva for ordning, telefon og abonnement som er aktuelt for den einskilde tilsette. Dei aktuelle ordningane er:

1. Tenestetelefon som vert lagt att på jobb
2. Kombinasjon av tenestetelefon og privattelefon
3. Tilskott til bruk av privattelefon i arbeid

Sjå nærmare detaljar om ordningane i kapittel 6.

Arbeidstakar må akseptere at namn og telefonnummer kan førast opp på kommunens heimeside og opplysningstenester.

Tenestetelefon skal ikkje brukast i eigen næringsverksemd eller i teneste til annan arbeidsgjevar.

Brukar må betale utgiftene ved unormalt forbruk som ikkje kan forklarast med bruk i tenesta eller normalt privat forbruk, som for eksempel ved roaming, betaltenester, reise i utlandet m.m. Kontakt PERSONALAVDELINGA ved usikkerheit rundt forbruk. Arbeidstakar skal signere på aktuelt skjema, sjå vedlegg. Seljord kommune har inngått avtale om fakturakontroll med teleleverandør. Betaling skjer enkelt over lønnstrekk etterskotsvis kvar månad.

#### 3.1.1 Naturalyting

Kommunen syter for EKOM-tenesteutstyr og EKOM-teneste(r) som den tilsette disponerer.

Den skattepliktige fordel for arbeidstakar ved tilgang til privat bruk av arbeidsgjevars EKOM-teneste(r) utanfor ordinær arbeidssituasjon vert fastsett i tråd med sjablonregelen.

### 3.2 Breiband

Breiband er ikkje med i ordninga.

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



### 3.3 Fellesfakturerte varer og tenester, samt tilleggstenester vert trekt frå løn.

Kommunen dekker berre faste avtalte abonnement. Tilleggstenester vert dekt av den tilsette.

## 4. Bruk av kommunalt EKOM-tenesteutstyr

### 4.1 Dagleg bruk av EKOM-tenesteutstyr

Kommunen forventar at alle brukarar utstyrt med EKOM-tenesteutstyr tek ansvar for det utstyr dei har fått utlevert. Arbeidstakar som har tilgang på EKOM-tenesteutstyr, men som ikkje lenger har krav på dette etter reglementet, skal levere dette attende snarast mogleg.

Brukar må førebu seg på å betale utgiftene ved unaturleg høgt forbruk som ikkje kan forklarast med bruk i teneste, som for eksempel ved betaltenester, 5-sifra nummer, reise i utlandet eller anna.

### 4.2 Øydelagt eller feil på EKOM-tenesteutstyr

Om tildela EKOM-tenesteutstyr er øydelagt eller har feil, må brukaren straks rapportere dette til næraste leiar. Dersom mobiltelefon blir levert til reparasjon, får ein lånetelefon, dersom det er tilgjengeleg. Om EKOM-tenesteutstyr ikkje kan reparerast, kan ein få nytt utstyr etter avtale med næraste leiar.

### 4.3 Ved tap av EKOM-tenesteutstyr

Tap eller tjuveri av EKOM-tenesteutstyr skal straks rapporterast til næraste leiar og telefoniansvarleg. Telefoniansvarleg som sikrar at eit eventuelt abonnement blir blokkera for bruk og fjernsletta om mogleg. Eventuelt tjuveri skal meldast til politi.

### 4.4 Misbruk av EKOM-tenesteutstyr og/eller abonnement

Misbruk av EKOM-tenesteutstyr og/eller –teneste, døme sikkerheitsbrot og bruk i strid med pkt 3.1 generelle reglar - vil bli rapportert til næraste leiar og/eller rådmann. Rådmann og/eller næraste leiar kan trekkje inn arbeidstakar sitt EKOM-tenesteutstyr og –teneste, for ein periode.

### 4.5 Oversikt over brukar av EKOM-tenesteutstyr

Einingsleiar har ansvar for å halde oversikten over tilsette med telefonavtale oppdatert. PERSONALAVDELINGA skal til ei kvar tid ha oversikt over kven som er tildela EKOM-tenester, og kva for EKOM-tenesteutstyr den einskilde har i bruk.

## 5. Tildeling, opphøyr og attendelevering av EKOM-tenester/ utstyr

### 5.1 Avgjerdsmynde

Tildeling av EKOM-teneste(r) og EKOM-tenesteutstyr vert innvilga i samsvar med delegert, administrativ mynde i Seljord kommune.

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



## 5.2 Bestilling og ut-/innlevering av EKOM-tenesteutstyr

Bestilling, endring, ut-/innlevering av EKOM-tenesteutstyr blir gjort av eininga. Kjøp av mobil vert dekt med inntil kr 7500,- (eks. mva) tredje kvart år (med utgangspunkt i prisar for 2020). Det skal avtalast kva for bruk, mobiltelefon og abonnement arbeidstakaren har bruk for i stillinga. Avtale sendast PERSONALAVDELINGA på eige skjema. Telefoniansvarleg bestiller SIM-kort og melder inn i fakturakontrollsystemet til Telenor. Skattlegging meldast inn på lønssystemet.

## 5.3 Endring i tilsetjingsforhold

Når ein arbeidstakar går over i annan funksjon/stilling, eller stillingas oppgåver og innhald blir endra, skal ordninga med EKOM-tenester vurderast på nytt. Det er den aktuelle eininga sitt ansvar å kontakte PERSONALAVDELINGA.

Hugs endring av skattlegging i lønssystemet.

## 5.4 Permisjon/sjukemelding

Ved permisjon skal økonomisk dekning verte vurdert stansa etter to (2) månadar. Eininga varslar PERSONALAVDELINGA. Ved sjukefråvær utover to (2) månadar skal behovet for økonomisk dekning av EKOM-tenester vurderast.

## 5.5 Avslutning av arbeidsforhold

Når arbeidstakar avsluttar sitt arbeidsforhold med kommunen avsluttast økonomisk dekning av EKOM-tenester. Tildelt EKOM-tenesteutstyr skal tilbakeleverast til kommunen. Eininga varslar PERSONALAVDELINGA. Arbeidstakar kan kjøpe attende mobilen etter avtale. Verdien vert vurdert ut frå alder på telefonen.

Alder på telefonen	Pris å kjøpe telefonen for
Under 6 månader	Innkjøpspris
6-12 månader	$\frac{3}{4}$ av innkjøpspris
12-24 månader	$\frac{1}{2}$ av innkjøpspris
24-36 månader	$\frac{1}{4}$ av innkjøpspris

Arbeidstakar som ikkje leverer tilbake mobil, blir fakturert etter lista over.

## 6. Alternativa for mobilbruk

### 6.1 Tenestetelefon

Personleg telefon som vert nytta i arbeidstida og lagt att på arbeidsplassen ved arbeidsdagens slutt. Telefonen blir ikkje bruka til private føremål.

Tenestetelefonen skal ikkje brukast i eigen næringsverksemd

Kapittel 3, 4 og 5 med underkapittel gjeld også for ordninga med arbeidstelefon i den grad det er aktuelt.

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



## 6.2 Kombinasjon av jobb- og privattelefon

Arbeidstakar nyttar telefonen både i arbeid og privat. Ofte tek arbeidstakar med seg sitt eige telefonnummer. Seljord kommune organiserer dette etter avtale ved tilsetting. Skattefordelen ved denne ordninga vert trekt over lønsslippen kvar måned.

Seljord kommune reservera seg retten til å bestille spesifisert utskrift på abonnement som høyrer til kommunen for å oppfylle krava i skattelova, sjå <https://www.skatteetaten.no/person/skatt/hjelp-til-riktig-skatt/arbeid-trygd-og-pensjon/utstyr-betalt-av-arbeidsgiver/skatt-pa-telefon/> for meir informasjon.

## 6.3 Dekking for bruk av eigen telefon i tenesta

Arbeidstakar som held EKOM-tenesteutstyr og/eller EKOM-tenester sjølv kan unntaksvis få dekt for bruk av eigen telefon i teneste som lønstilllegg på kr. 1000 etter avtale med næraste leiar.

## 7. Skattemessige reglar vedrørende EKOM-tenester

Lov 26.03.1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) kapittel 5

- Utgiftsgodtgjørelse § 5-11
- Naturalytelse § 5-12 (5)
- Forskrift til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14.
- Utgiftsgodtgjørelse til dekning av kostnader til elektroniske kommunikasjonstjenester § 5-11-10
- Fordel ved arbeidsgiverfinansierte elektroniske kommunikasjonstjenester Del C §§ 5-12-20 – 5-12-24.

### 7.1 Reglar for skattlegging

Skattereglane gjeld fastsetting av skattepliktig fordel for arbeidstakar ved tilgang til privat bruk av arbeidsgjevars EKOM-teneste(r) utanfor ordinær arbeidssituasjon.

Det er eit vilkår at arbeidstakaren har behov for EKOM-tenester i arbeidet. Dersom arbeidstakaren har motteke EKOM-tenester som vedkomande ikkje har behov for i sin teneste, vil beløpet for den aktuelle EKOM-tenesta vera skattepliktig i sin heilheit. Skattlegging gjennomførast etter ein sjablongregel. Arbeidstakar som oppfyller vilkåra for sjablongskattlegging, får eit årleg maksimalt inntektstillegg. For tida avgrensa til kr 4.392 per år (og kr 366 per måned). Beløpa kan endrast ved endring i skattelov med tilhøyrande forskrift.

Den sjablongmessigeverdien for EKOM-tenester er uavhengig av kor mange EKOM-tenester den tilsette får dekt av arbeidsgjevar. Den skattepliktige fordelten vil likevel vera forskjellig avhengig av om tenesta vert dekt som naturalytning eller som utgiftsgodtgjering.

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



## 7.2 Naturalytingar

EKOM-tenester som vert dekt som naturalyting skal inngå i grunnbeløpet for skattetrekk og arbeidsgjevavgift med kr 366 for kvar påbyrja månad som arbeidstakaren har disponert tenesta. Beløpet er uavhengig av arbeidsgjevares faktiske utgifter til dekking av ein eller fleire naturalytingar, og skal ikkje reduserast med arbeidstakers eventuelle eigenbetaling.

## 7.3 Utgiftsgodtgjering

EKOM-tenester som vert dekt som utgiftsgodtgjering ved refusjon etter bilag, skal inngå i grunnlaget for skattetrekk og arbeidsgjevavgift. Arbeidsgjevar skal rekne skatt etter den faktiske utgifta på EKOM-tenesta, men med ei grense opp til kr 366 for kvar påbyrja månad som arbeidstakaren har disponera tenesta. Ved utgiftsrefusjon kan skatteplikta bli lågare enn sjablongbeløpet. Utgifta skal vera legitimert med originalbilag.

## 7.4 Kombinasjon av naturalyting og utgiftsgodtgjering

Dersom det føreligg ein kombinasjon der arbeidstakar får dekt EKOM-tenester både som naturalyting og som utgiftsgodtgjering, skal arbeidstakaren skattleggast for kr 366 per månad for naturalyting som er dekt den aktuelle månad. I tillegg skal arbeidstakaren skattleggast for utgiftsgodtgjering etter kvart som beløpa blir dekt av arbeidsgjevaren. Når det som blir dekt til saman når grensa på sjablongbeløpet, må arbeidsgjevar stoppe skattetrekket og avgiftsberekinga. I slike høve vil ein kunna oppnå full skattlegging før året er omme.

## 7.5 Fellesfaktura varer og tenester og tilleggstenester (innhaldstenestar)

Fellesfaktura varer og tenester blir fakturert saman med EKOM-tenesta etter forbruk og kan eksempelvis vera nummeropplysning, parkering, gåver og gjevartelefonar, overpris på SMS/MMS, mat og drikke frå automatar, deltaking i målingar, spørjeundersøkingar og stemmegjevingar. Med tilleggstenester (innhaldstenester) meinast andre tenester enn EKOM-tenester som vert levert saman med EKOM-tenesta. Dette kan eksempelvis vera nedlasting av filmar og musikktenester som Spotify og Tidle etc.

Vedtatt	Versjon	Merknad
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt





### Avtale mobiltelefon, nettbrett, smartklokke og liknande.

Namn	
Fødselsnummer	
Eining, avdeling	

Avtala gjeld:

- Tenestetelefon. Skattefritt.
- Kombinasjon privat- og tenestetelefon. Skattefordel, trekk over lønsslipp.
- Dekking for bruk av eigen telefon i tenesta 1000 kr/år
- Dekking for bruk av eigen telefon i tenesta 500 kr/år
- Anna utstyr\*:

Telefonnummer	
Type telefon	
Serienummer/IMEI	
Anna utstyr*	
Anna utstyr*	

\* anna utsyr kan vere hovudtelefonar, iPad, smartklokke etc.

Ved signering av avtala stadfestar arbeidstakar å ha gjort seg kjend med gjeldande retningsliner/reglement for EKOM-tenester.

Seljord kommune reserverer seg retten til å bestille spesifisert utskrift på abonnement som høyrer til kommunen, jf. Pkt 3.1 Generelle reglar.

Fellesfakturerte varer og tenester, samt tilleggstenester, vert trekt frå lønsutbetaling

Utlevert dato:	Arbeidsgjevar:	Arbeidstakar:
Innlevert dato:	Arbeidsgjevar:	Arbeidstakar:

### AVTALA SENDAST PERSONALAVDELINGA FOR REGISTRERING

<b>Vedtatt</b>	<b>Versjon</b>	<b>Merknad</b>
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt



# Reglement for telefoni og elektronisk kommunikasjon for Seljord kommune

<b>Vedtatt</b>	<b>Versjon</b>	<b>Merknad</b>
26.08.2020	1.0	Administrativt vedtatt